

**AVTALE
OM
INTERKOMMUNALT SAMARBEID INNAN LANDBRUK**

1. Namn:

Nordre Sunnmøre Landbrukskontor.

2. Formål:

Formålet er å få til eit godt fungerande interkommunalt samarbeid i regionen innanfor landbruk, naturbruk og bygdeutvikling og utføre dei oppgåvene innanfor jord-, skog-, vilt- og innlandsfiskeforvaltning som kommunane er pålagt å utføre på ein god måte for brukarane og lokalsamfunna. Kontoret skal arbeide for nytenking og vidareutvikling av landbruksnæringa i regionen i samarbeid med brukarane og deira organisasjonar, og bidra til å skape ei positiv utvikling i kommunane i forhold til landbruk og bruk og forvaltning av naturressursar.

Det interkommunale samarbeidet skal gi ei god utnytting av dei økonomiske og personellmessige ressursane, stabilitet blant personalet og god kompetanse på fagområda.

Samarbeidet vil også kunne yte tenester innanfor beslekta fagområde i den grad deltakarkommunane ønskjer det.

3. Deltakarkommunar:

Skodje, Stordal og Ørskog kommunar (*med invitasjon til Giske, Sula, Ålesund om å slutte seg til*).

Det er opning for å ta med andre kommunar om det skulle vere ønske om det, basert på dei prinsipp som no vert lagt til grunn i denne avtalen.

Nordre Sunnmøre Landbrukskontor kan også inngå avtalar om sal av tenester til andre kommunar og innan fagområder som er naturlege arbeidsområde for kontoret.

Kontoret skal ha som mål å inngå avtalar om samordning av kompetansen ved kontoret mest mogleg med andre landbrukskontor i regionen, når det er føremålstenleg.

4. Finansiering (modell)

Bidrag frå den einskilde deltakande kommune vil vere basert på dei objektive kriteria (i %) som ligg til grunn i statsbudsjettet og er nedfelt i rammeoverføringane til den einskilde kommune. Desse tala er bygd på SSB sine data og omfattar areal dyrka mark, talet på driftseiningar og kommunane sitt samla areal.

Vertskommunen vil legge fram budsjett og årsplan for dei deltakande kommunane på eit felles møte kvar haust.

Investeringskostnader kjem i tillegg etter avtale mellom dei deltakande kommunane på dei årlege budsjettmøta.

5. Vertskommune:

Samarbeidet vert etablert etter vertskommunemodellen med Ørskog som vertskommune.

Vertskommunen har arbeidsgivaransvaret for dei tilsette ved kontoret, i dette ansvaret ligg også tilsetjings- og leiingsansvaret for den som vert dagleg leiar for samarbeidet.

6. Leing:

Dagleg leiar (med fagleg og administrativt leiaransvar), sorterer under rådmannen i vertskommunen.

Det skal haldast 2 faste årlege møter med politisk og administrativ leing i deltakarkommunane, eitt for å drøfte plan og budsjett for komande år tidlegast mogleg om hausten, og eitt for å drøfte rekneskap og årsrapport for føregåande år på våren. Andre møte vert haldne etter behov.

7. Rapportering:

I einskildsaker skal rapportering skje direkte til kontaktperson/– kontor i den einskilde kommune.

Elles skal rapportering skje i samsvar med kommunane sine ordinære rapporteringssystem.

8. Delegering:

Dei deltakande kommunane vil delegerere fullmakter til vertskommunen når det gjeld saker som skal avgjerast administrativt:

- Fagsaker (med dette meinast forvaltning av statstilskot og liknande) innan jord, skog, vilt og innlandsfisk – fullt ut.

- Forvaltningssaker (med dette meinast forvaltningssaker etter jordlov, plan- og bygningslov, delingslov og andre aktuelle lover) – I samsvar med delegasjonsreglement i den enkelte kommune.

I saker som skal avgjerast av politisk utval i den einskilde kommune, skal landbrukskontoret førebu sakene administrativt.

9. Varigheit:

Avtalen trår i kraft etter nærare avtale med dei deltakande kommunane og vertskommunen og gjeld inntil den eventuelt vert sagt opp. Oppseiingstid: eitt år med verknad frå 1. januar i påfølgande kalendarår.